

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.11.19

Stad: Fjordsenteret

Sak 30/19. Skjøtselsplan for bygningar og anlegg i Nordheimsdalen

Saksopplysning/vurdering

Fjellstyret forvaltar elg- og hjortejakta, som truleg er den ressursen som fører med seg mest aktivitet i verneområda i Nordheimsdalen og Bleia – Storebotnen. Som konsekvens av at hogsten vart forboden då vernet vart innført, minka allmeningsstyret sin motivasjon for å stå for vedlikehald av anlegga knytte til skogsdrifta. Det vart i 2008 inngått ein leigeavtale mellom allmeningsstyret og fjellstyret, som gjev fjellstyret disposisjonsrett over hytter, stall, bruer, kai m.m. , mot å stå for vedlikehaldet av desse. Drifta av desse anlegga krev i nokre tilfelle løyve frå vernestyresmaktene, ut frå ordlyden i verneforskrifta. For at ein skal sleppa å søkja om kvart einskilt tiltak, kan det vera greitt å ta dei aktuelle tiltaka med i ein skjøtselsplan, som etter handsaming i fjellstyret vert oversend verneområdestyret til godkjenning. Siktemålet er då at dei tiltaka som ligg inne i planen skal kunna gjerast utan særskild søknad.

Eit utkast til skjøtselsplan ligg ved. Denne vert og send til allmeningsstyret til uttale, før handsaminga i fjellstyret. Etter at fjellstyret har handsama skjøtselsplanen, vert han oversend verneområdestyret til godkjenning. Dersom planen ikkje vert godkjend fullt ut, vil det vera aktuelt med ei ny handsaming i fjellstyret, for å leggja inn eventuelle endringar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner skjøtselsplanen for bygningar og anlegg i Nordheimsdalen, og oversender denne til verneområdestyret til godkjenning.

Fjellstyrekontoret, den 12.11.19

Harald Skjerdal

Skjøtselsplan for bygningar og anlegg i Nordheimsdalen 2020-2024.

Aurland fjellstyre administrere hjortejakta i Nordheimsdalen almenning. I den samanheng er det trong for vedlikehald av hytter, kaien og stinett. For å gjera det enklare i forhold til søknadsprosessen om løyve til tiltak i Nordheimsdalen naturreservat, er det ein fordel om me lagar til ein enkel skjøtselsplan som me sender til godkjenning til verneområdestyret, håpet er att me skal sleppa å senda søknad om kvart einskild tiltak.

Dette er aktuelle tiltak denne søknadsperioden:

Hytter:

-Vedlikehald av begge hyttene, den ved Sagi (32 V 395110 6766612) og den i Brendeli (32 V 395808 6767079). Ved hytta i Brendeli er det og ein gamal stall og ein utedo desse treng og vedlikehald. *Når ein vedlikehald i Nordheimsdalen er det vedlikehald til den standarden hyttene vart bygt i.*

-Hytta ved sagi treng utedo, av ein enkel type inntil nokre steinar ca 20 meter over hytta (32V 0395132 6766612). Den treng ikkje vera så stor fordi bruken blir begrensa, men den bør koma opp fort fordi dei som nyttar hytta treng den.

-Naudsynt vedhogst til begge hyttene. Ved vedhogst tek ein små tre som held på å daua eller har ramla.



Hytta ved Sagi i 2012.

Kaien:

Kaien (32 V 395080 6766556) vart bygd i 2006, då vart det nytta uimpregnert plank, ein heil del av desse byrjar bli rotne og må skiftast, truleg er det rettast å skifta heile dekket. Førre gong fekk me tak i plank på Kaupanger som skulle halda lenge, det gjorde dei ikkje, så det rettaste er vel å kjøpa trykkimpregnert plank til dekke denne gongen.

Det står ei gamal jerntrapp ved sida av kaien, denne er svært rusta og skjemmande. Me ynskjer å fjerna denne, så laga ein plankevegg på Aurlandsida av kaien, med ei tretrapp opp inne ved berget. Det vil gjera det lettare å bruka kaien.

Det vart laga til ein rage for å leggja båtar frå seg på ein trygg måte, ved kaien. Ein rage er ein trestokk som står rett ut i frå berget, for å få avstand mellom båt og berg. Barduner og tauverk blir sletne etter ei tids bruk og treng vedlikehald.



Kaibygging i 2006.

Stiar og bruer:

Det er hovedstien frå fjorden og opp til stølen Nordheimsdalen som er tenkt på.

Nede ved fjorden er dei fyrste 2-300 metrane gjennom oreskog, ein plass der det er ekstra mykje flått i vegetasjonen. Her bør ein halda all vegetasjon nede i 1,5 meters breidd langs stien.

Stien vart i si tid laga for hest og slede ein bør halda den standaren fram til Øygarden. Det betyr att ein må mura opp att murar som rasar ut etter kvart.

Bruene over hovedelvi og Fjellsgrovi må haldast vedlike, spesielt brua over hovudelvi er viktig, elles blir tilgangen til området svært vanskeleg.



Brua over hovedelvi er 12-13 meter lang og vart fornya i 2007.

Tre som dett over stien må ryddast vekk slik att det er 1 meters breidd å gå på.

Det er eit par bruer over søkk i terrenget mellom Fjellsgrovi og Øygarden, det bør vurderast om desse bør setjast opp igjen. Viss dei ikkje skal setjast opp igjen, bør ein mura opp litt for att stien skal vera god å gå på.



Eine av bruene over søkk i terrenget i 2005, den er heilt nedramla no i 2019.

